

Japansk kyrkjehistorie i perspektiv:

# Historiografi om Meiji-protestantismen

AASULV LANDE

Japansk protestantisme vart grunnlagt i opplysningsepoken Meiji (1868-1912). I denne artikkelen vil eg forsøke å illustrere korleis hovudstraumen i tidleg japansk protestantisme<sup>1</sup> er blitt tolka av involverte personar i Japan og Vesten. I hovudsak følgjer eg tolkingshistoria frå 1872 fram til 1945.

## Meiji-protestantismen

Meiji (1868-1912) var den japanske moderniseringsepoken. Da ringa Japans klokke ut den nesten trehundre år lange feudale og isolasjonistiske Tokugawa-perioden. Teppet gjekk opp for eit nytt og moderne Japan. Det nye Japan vart på noen tiår ein moderne, vestvendt og innan visse grenser ein demokratisk nasjon. Om den reelle politiske makta rettnok var i hendene på eit oligarki, åpna grunnlova frå 1889 for eit avgrensa parlamentarisk system i keisarens namn. Avgrensinga illustrerer eit viktig drag i det nye statssystemet: keisarismen, *tennosei*. Meiji-reformatorane la nasjonens moralske og samlande norm i keisarfiguren, slik denne vart tolka ut frå shintoistiske og konfucianske tradisjonar.

Jesuittmisjonen hadde komme til Japan alt i 1549 i ein atmosfære av motreformasjon og på ei bølge av portugisisk ekspansjon i Aust-Asia. Men alt 1587 utferda shogunen eit dekret mot kristendommen. Det kom som lyn frå klar himmel i det katolske miljøet, men den offentlege forfølging auka berre på. Tidleg i Tokugawa-perioden, innan 1640, var kristendommen på det strengaste forboden. Dels var Tokugawa-shogunatet redd for vestleg kolonialisme, men det frykta også innanlandske etiske og religiøse konsekvensar av kristentrua. Landet vart følgeleg stengt for impulsar frå Vesten, berre ein nøye overvaka hollandsk mo-

nopolhandel representerte ein viss kontakt med vestlege land. Frå 1640 var det farleg å nemne ordet kristendom.

Men da Japan i andre halvdel av 19. hundreåret vart involvert i ein moderniseringsprosess, meldte kristendommen atter sin entre på den japanske scenen. Dei politiske vilkåra for dette var lagde til rettes gjen- nom vennskaps- og handelstraktatar Japan motvillig hadde måtta akseptere mellom 1853-58. I 1859 kunne misjonærar vende tilbake til Japan. Japanske katolikkar som i løynd hadde halde fast på trua under forbod og forfølgjing, våga seg nå, i 1865, fram i lyset og knytte kontakt med ein romersk-katolsk misjonær. Desse etterkommarane av generasjonar med undergrunnskristne i bonde- og fiskarmiljø vart utgangspunktet for fornya romersk-katolsk misjonsinnsats i Meiji-tida. Amerikanske protestantar frå puritanske tradisjonar i New England la samstundes misjons-grunnlaget for ei protestantisk rørsle. Men denne rørsla starta i kunnskapshungrige samuraiskretsar. I utgangspunktet fekk protestantismen ei nærare tilknytting til japanske intellektuelle miljø og moderniseringsprosessen i tidleg Meiji.

Misjonærar hadde arbeidd i Japan heilt sidan 1859, men protestantisme som *japansk* fenomen vart grunnlagt i tidsrommet 1872-1905. Det nye Meiji-regimet måtte av diplomatiske grunnar liberalisere religionspolitikken. I 1873 vart såleis kristendomsforbodet frå Tokugawa-tida oppheva. I forkant av denne politiske reformen, i 1872, blir så den første protestantiske kyrkja i Japan, *Yokohama Kirisuto Kokai*, fødd. Med bakgrunn i presbyteriansk misjon er denne kyrkja likevel kjend for ambisjonane om å heve seg over konfesjonelle skilnader.

Året 1905, med Japans militære triumf over Russland, er eit politisk merkeår fordi sigeren bar bod om ein vellykka moderniseringsprosess. Men også eit «moderne» fenomen som den japanske protestantismen hadde samtidig nådd eit nytt stadium. I åra etter 1890 var protestantismen organisert i tradisjonelle konfesjonsmønster under nasjonal leiar- skap. Den teologiske utviklinga som kulminerte 1902 i eit oppgjør mellom ein liberaliserande nasjonal og ein klassisk kalvinsk protestantisme hadde også nådd eit fast, etablert nivå. Med dette oppgjeret var tankemønstra i Japans protestantisme forma på ein avgjerande måte.<sup>2</sup>

Grunnleggingsperioden for japansk protestantisme hadde ein markert dobbel fase. I «ungdomsfasen» (1872-1890) voks rørsla jamt, i samspel med demokratiske og vestvendte straumdrag i Meiji. Draumen om eit reformert Japan bygd på eit kristent demokratisk grunnlag var sterk. Rørsla flaut også fram på ei ungdommeleg og optimistisk bibeltru.

Meir enn ei *kyrkje* var tidleg protestantisme ei *rørsle*, og mange ny- omvende, ressurssterke ungdommar var knytte saman i *bands*, venne-

grupper i eit skule- eller klassemiljø. Banda besto hovudsakeleg av samuraisøner som var blitt kristne medan dei studerte vestleg språk og vitskap under kristne lærarar. Tre bands frå 1870-talet vart særleg framstående i japansk kristenhistorie: det presbyterianske *Yokohama-bandet*, det sosiale og frilynde *Kumamoto-bandet* og det individualistiske og misjonær-kritiske *Sapporo-bandet*. Det førstnemnde bandet samla seg kring misjonærar. Dei to siste voks fram under påverknad frå amerikanske kristne lekfolk som japanske styresmakter hadde engasjert som faglærarar. Banda var mannsgrupper, men etterkvart som det kristne initiativet i undervisning auka, kom kvinner sterkt med i kyrkja.

I «pårøyningsfasen» mellom 1890 og 1905 gjennomleid japansk protestantisme store indre og ytre vanskar. Vona om å gjere kristendom til eit nasjonalt grunnlag for ein demokratisk stat brast med grunnloven av 1889 og oppsedingsdekretet i 1890. Den konfucianske keisarideologi i desse dokumenta fekk ekstra slagkraft gjennom den nasjonale bølga på 1890-talet. For protestantismen betydde det at «begeistringens rulende fonn» stogga.

Det vart vanskeleg å slutte seg til kyrkja. Ein rasjonalistisk og bibelkritisk teologi som kom til Japan på slutten av 1880-talet dempa begeistringa innanfrå. Særleg inntrykk gjorde misjonærar frå *Der Allgemeine evangelisch-protestantische Missionsverein*. Dei sokna, rett nok i moderat form, til den rasjonalistiske og bibelkritiske Tübingen-skolen. For ein ung japansk protestantisme med ei biblisistisk tru vart møtet med den nye teologien ei smertefull oppleving. Men den førte ikkje berre til fråfall og kristen vonløyse. Den vart også ein spire til teologisk nyorientering. I desse kritiske åra modna i det heile japansk protestantisme. Det individualistiske Sapporo-bandet gjorde seg gjeldande som ei ikkje-kyrkjeleg vennegruppe under leiing av Uchimura Kanzo. Yokohama-bandet fann ei fast, kyrkjeleg form under leiing av Uemura Masahisa. Kumamoto-bandet hadde knytta seg til det kongregasjonalistiske og frilynde Doshisha universitet og kom under leiing av mellom andre Ebina Danjo til å representere ein sosial kristendom.

Det er også naturleg å streke under at grunnleggingsperioden førte fram til ei nokså fast sosial plassering av japansk protestantisme. Samurai-protestantismen i 1870-åra ekspanderte sterkt til å byrje med. Ein etter måten liberal økonomisk politikk gav grobottn for sterke demokratiske straumdrag. Dette gav atter vokstervilkår for ein distrikt- og bygdekristendom i 1880-åra. Dette skjedde i «ungdomsglødens» tid. For nasjonalt uniformerande straumdrag saman med ein meir restriktiv økonomisk politikk omkring 1890 sette ein effektiv stoppar for dei de-

mokratiske rørslene og sløkte bygdekristendommen. Krisetida på 1890-talet førte til at berre kyrkjene i større bysamfunn makta å overleve. Slik var stoda blitt omkring hundreårsskiftet. Japansk protestantisme vart også i ettertid i hovudsak verande eit intellektuelt storbyfenomen.

Den protestantismen som er skissert ovanfor hadde etter ein livleg grunnleggingsbolc funne si form omkring Meiji 35 (1902). Meiji-perioden varte eit tiår til, men desse åra førte ikkje til vesentleg ny-utvikling i protestantismen.

### Tolkingar av Meiji-protestantismen 1872-1905

Vestleg misjon formar tidleg ei historisk tolking av grunnleggingsperioden. Representativt døme er G.F. Verbecks *History of Protestant Missions in Japan* (1883), seinare trykt oppatt med utvidingar i 1901. I begge desse samanhengane går boka inn som ein del av rapporten frå dei to all-protestantiske misjonskonferansane i Japan, nemleg i åra 1883 (Osaka) og 1900 (Tokyo). Verbeck var sjølv presbyteriansk misjonær, av hollandsk-amerikansk bakgrunn. Han steig i land i Japan i 1859. Han var såleis i eigentlegaste fortand pionermisjonær. Også på grunn av si spesielle stode som misjonær utan statsbogarskap med hollandsk opphav fekk han sær s tillitsfulle oppdrag frå japansk sentraladministrasjon. Den hollandske bakgrunn var eit pluss i ein nasjon som gjennom heile Tokugawa-tida berre hadde akseptert ein avgrensa handel med utlandet gjennom eit hollandsk monopol. Men også i misjonærmiljøet var han ein sentral personlegdom. Boka hans er ein klassikar i japansk misjonærhistorie ved sida av H. Ritters *Dreissig Jahre Protestantischer Mission in Japan*, publisert 1890. Ritters tolking av tidleg misjon i Japan bygde til forkjell frå Verbeck si, ikkje på røymsler i Japan. Ritter var prest i Potsdam, og flammande interessert i Japanmisjon. Han kom aldri sjølv til Japan, men kanaliserte interessa gjennom det såkalte «liberale» misjonssekskapet *Der Allgemeine evangelisch-protestantische Missionsverein*. Prinsippa for dette sekskapets misjonsmetodar forsvarte han i den missiologiske debatten som pågjekk i japaninteresserte misjonsmiljø omkring 1890.<sup>3</sup>

Grunnleggande fellesdrag i den tidlege vestlege tolkinga av japansk protestantisme er *ekspansjon* og *kontinuitet*. Dessutan viser ein genreanalyse av vestleg litteratur om japansk protestantisme at tolkingane er *rapportar*. Dei tre draga illustrerer den vestlege tolkingprosessen, men forklarar også kvifor vestlege tolkarar så raskt skreiv gjennomførte historietolkingar av ein ung misjonsprosess. Rammene var nemleg klare i vestlege kolonialistiske tankemodellar i syntese med eit frelseshisto-

risk misjonssyn. Både ekspansjon og kontinuitet er klare strukturar i kolonialismen. Samstundes samsvarer desse strukturane med sentrale bibelske historietankar. Rapporten var ein tenleg genre. Her kunne kontinuitet illustrerast og ekspansjon målast.

Interessant nok var ikkje det japanske skjemaet så ulikt i denne første fasen. Det frelseshistoriske misjonssynet vart overteke av personlegdommar som Uchimura Kanzo frå Sapporo band, Uemura Masahisa frå Yokohama band og andre. Men den vestlege kolonialismen var uakseptabel og vart transformert om til eit japanorientert mottakarperspektiv. Det *kontinuerlege* i vestleg kontekst fann sin motpol i at kristendom var *nytt* i Japan. *Ekspansjonen* vart også sett på frå ei anna side, nemleg som *relevans* for det japanske samfunnet. Men for dei japanske kristne som skreiv for ei ung kyrkje og argumenterte for kristendom overfor politiske eller intellektuelle sirklar i Japan, fekk den altovervegande genren ikkje rapportens men *essayets* form.

Ei anna utvikling førte til spennande bidrag i protestantisk historietolking: den aukande vekt på *japanisme*. Den japaniserande tolkinga fekk naturleg nok særleg rom etter 1890, i samsvar med dynamikken i den nasjonalistiske bølga. Skulle kristendommen i det heile vere relevant i Japan, måtte den legitimere seg overfor nasjonale idear. Følgjeleg gjekk relevans over til nasjonalisme. Frå alle tre bands slo det japanske perspektivet igjennom i forståinga av japansk protestantisk historie. Lengst gjekk einskilde personar frå Kumamoto band, Yokoi Tokio presenterte såleis boka *Wagakuni no Kiristokyo Mondai* (Det kristne problem i landet vårt) 1894. Men også Uemura Masahisa frå Yokohama band, t.d. i artikkelen «Kristendommens bushido» frå det protestantiske månadskriftet *Fukuin Shinpo* (Evangelisk Nytt) mars 1898, og Uchimura Kanzo frå Sapporo band i boka frå 1895, *How I became a Christian*, er opptekne av å knytte kristendommen positivt til japanske nasjonale tradisjonar.

Den nasjonale bølga på 1890-taler var ikkje berre destruktiv for den protestantiske rørsle. Møtet med denne nye bølga skaper eit kristent, historisk medvet. I ein viss grad kan ein tale om fødselsstunda for japansk nasjonalt kyrkjehistorisk medvet. Eit døme på dette kan ein finne i Yokoi's bok *Wagakuni*, nemnt ovanfor.<sup>4</sup>

### Tolkingar av Meiji-protestantismen 1906-1929

I denne perioden mellom Meiji-periodens første stormfulle fasar og 1930-talets imperialisme tok tolkinga av Meiji-protestantismen ulike retningar i Vesten og Japan. I Vesten sette 50-årsjubileet 1909 spor i form av artiklar, essays og omfattande framstillingar. Eit dokument ut-

gitt av American Board 1919, *Fragments of Fifty Years*, kastar lys over innsatsen til dette misjonselskapet. Den japanske kongresjonalistiske dotterkyrkja gir likeeins levande glimtar av utviklinga nærast i rapportens form. Men den verkeleg ruvande vestlege framstillinga er Otis Carys *History of Christianity in Japan*. Den er trykt opp att i 1976 og står jamvel i 1980-åra som sjølv monumentalverket over tidleg japansk misjons- og kyrkjesoge. Boka er meir ei materialsamling enn ein analyse av kva som skjedde. Såleis er boka i slekt med rapporten som genre. Men velordna, velskriven og spennande gir den ei samla framstilling av både protestantisk, romersk-katolsk og russisk-ortodokse kyrkjelege utviklingsmønster. Ideologisk er boka prega av samtidas misjonsideal om «Evangelisering av verda i dette slektledet», og appellerer til ansvar for misjonens sak.<sup>5</sup> Vi skal ikkje underslå ei analytisk og teologisk kritisk bok som kom ut i 1918, forfatta av den svenske missiologen Gustav W Lindeberg: *Protestantismen i Japan 1859 - 1913*. Lindeberg, står på mange måtar nær Ritter. Tilliks med denne er Lindeberg sterkt prega av misjonstanken, han har eit meir langsiktig mål for kristen misjon og er kritisk til kalkylane om snar kristianisering av Japan. Lindeberg, som sjølv ikkje hadde Japan-erfaring, leverer også, som Ritter, ein apologi for metodane til det tyske misjonsselskapet *Der Allgemeine evangelisch-protestantische Missionsverein*.

Den missiologiske vurdering av japanmisjon dukkar også opp i andre vestlege framstillingar, vidare kjem det biografiar. Ein betydeleg misjonær-biografi er J Merle Davis' biografi om far sin: *Davis Soldier Missionary*.<sup>6</sup> Frå skandinavisk hald finst eit lite hefte av Lorentz Bergmann: *Missionen i Japan* (1906) og ein biografi av Holger Rafn om den protestantiske pionermisjonæren Guido Fridolin Verbeck (1916). Ei allmenn skandinavisk interesse i Japan-misjon er også avspegla i biografisk orienterte reiseskisser av C. Skovgaard-Petersen: *Fra Nutidens Japan* (svensk utgåve 1919).

Den japanske tolkinga av Meiji-protestantismens grunnleggingsfase får ein ny dimensjon i og med at japanske protestantar i aukande grad kommuniserer med Vesten. Det er t.d. fleire japanske bidrag til tolking av japansk kristendom under den internasjonale misjonskonferansen i Edinburgh 1910. Ein kan nemne bidraga frå Doshisha-professoren Harada Tasuku; representativt frå tida omkring misjonskonferansen er «The Present Position and Problems of Christianity in Japan», trykt i *International Review of Mission*, 1912. I Edinburgh-dokumenta finst også bidrag av metodistleiaren Honda Yoichi og den presbyterianske kyrkjeleiaren Ibuka Onosuke.

Grundigare tolkingar av tidleg japansk protestantisk historie gir den

kulturopne metodisten Yamaji Aizan i den første framstilling av Japans protestantiske historie i bokform: *Gendai Nihon Kyokaishiron* (Ei drøfting av moderne japansk kyrkjehistorie) 1906 og Yamamoto Hideteru: *Nihon Kirisutokyokai Shi* (Historia til «Japans Kristne Kyrkje») 1929. Yamamoto frå Yokohama band tar ikkje berre for seg historia til Nihon Kirisuto Kyokai, men også protestantismens utvikling meir generelt. Formen har preg av krønike. Yamamoto Hideteru skriv (1926) også ein biografi på japansk om pionermisjonæren, legen og lingvisten J.C. Hepburn, som var knytt til Yokohama band.

### Tolkingar av Meiji-protestantismen 1930-1945.

Historisk er denne perioden fortetta dramatisk. Japansk ekspansjon på fastlandet kombinert med veksande nasjonalisme innanlands kulminerer i Stillehavskrigen (1941-1945). Vestlege kyrkjer og misjonærar misser interessa for Japan, eller utviklar ei kritisk holdning. Japansk kristendom blir modnare, men får oppleve eit sterkare og sterkare famntak av statleg kontroll og ideologisk press. I 1940 blir den fellesprotestantiske kyrkja *Nihon Kiristo Kyodan* skipa etter statleg press. Den kyrkjelege historietolking blir naturleg nok prega av denne komplekse nasjonale situasjonen.

På vestleg misjonshald viser den dalande interessa for Japan seg i nedgang i tal på skriftlege bidrag. Ein del essays om emne frå japansk protestantisk historie førekjem, m.a. i kvartalskriftet *Japan Christian Quarterly*. Innanfor meir omfattande publikasjonar finst det også eit par presentasjonar ein kan merke seg. Av refererande og hovudsakeleg ekklesiastisk målsetting er Kenneth Scott Latourettes seksjon om Japan i *A History of the Expansion of Christianity. The Great Century* (1944). Hendrik Kraemer har ein analytisk og kritisk gjennomgang av japansk kyrkjesoge i førebungsverket (1938) for misjonskonferansen i Tambaram: *The Christian Message in a Non-Christian World*. Kraemer åtvargar mot ein ukritisk kristen aksept av den japanske shintoismen og kyrkjeleg godkjenning av keisarideologien som nasjonalt grunnlag. Her føregrip missiologen Kraemer den kritiske refleksjon over Meiji-protestantismen som i særleg stor grad har funne stad etter andre verdskrig, både i japanske og vestlege miljø.

På japansk grunn er derimot tida frå 1930 fram til krigsslutt i 1945 ein rik men ukritisk periode i skapande historietolking. Ei gruppe som var sterkt kritisk til japansk ideologisk og militaristisk utvikling var *Mukyokai* (Ikkje-kyrkje rørsla). Personane frå Mukyokai bidrog ikkje til den historiske debatten i denne tida. Ikkje-kyrkje folka styrte interessa inn på allmenne religiøse spørsmål. Men det blir presentert ei omfat-

tande samling av materiale om tidleg protestantisk historie av presten Saba Wataru: *Uemura Masahisa to Sono Jidai* (U.M. og hans epoke) 1937/38. Dette er ingen analyse og heller inga samanfattande framstilling av protestantisk kyrkjehistorie i Japan. Det er materiale frå aviser, bøker og brev, samla over eit lenger tidsrom, og seinare ordna. Redaktøren av verket er kyrkjeleiaren Uemura sin svigererson. Svigerfar Uemura står i sentrum for interessa. Men samstundes er det tatt med stoff som set protestantisk kyrkjehistorie inn i vide historiske, jamvel internasjonale perspektiv. Som venteleg kan vere når redaktøren er knytt til den presbyterianske kyrkjetradisjon i Japan og til Yokohama band, er det pastorale og ekklesiastiske perspektiv som dominerer framstillinga. Men det finst også stoff som dokumenterer kyrkjjas behandling av det nasjonale spørsmål og japanske, nasjonale særdrag.

På ein heilt annan måte likevel dominerer desse sistnemnde problemstillingane i kyrkjehistorikarane Hiyane Antei og Uoki Tadakazu sine verk. Metodisten Hiyane gav i 1938 ut *Kirisutokyo no Nihonteki Tenkai* (Kristendommens japanske utvikling). Det var ikkje berre ein krønike Hiyane ville skrive, heller ikkje ville han drøfte eit missiologisk tema. Han ville tolke japansk kristen søge som ein genuin kristen utvikling i japansk kulturell og historisk kontekst. Trass i at han målbar nasjonalistiske holdningar som i ettertid ikkje er gangbare, forsøkte Hiyane under det sterke nasjonalistiske presset å bevare ein kristen identitet: «...vi japanarar skulle vere istand til å spreie og forkynne evangeliet til verda ivrigare enn andre ... på samme måten som vi har gjort med buddhismen og konfucianismen».<sup>7</sup> Hiyane hevda at ei japansk tolking av kristendommen ikkje var i strid med ei kristosentrisk tolking og la vekt på ein kristen eksklusivitet. I slik samanheng viste han til «altaret for ein ukjend gud».<sup>8</sup>

Uoki delte premissane for ei slik historietolking. Han var særleg interessert i kristendommens gjennombrøt i Japan, og utvikla som historikar eit særleg omgrep for dette gjennombrøtet. Heller enn omvending såg han gjennombrøtet som japanarens «omforming og utvikling», *shokuhatsu*, på bakgrunn av ein stadeigen, religiøs-nasjonal tradisjon.<sup>9</sup> To bidrag av Uoki langs desse linene er *Nihon Kirisutokyo no Seishinteki Dento* (Den åndelege tradisjonen i japansk kristendom), 1941, og *Nihon no Kirisutokyo no Seikaku* (Kristendommens karakter i Japan), 1943.

Einskilde japanske teologar gjekk lenger i å identifisere protestantismen med eit japansk ethos. Uoki og Hiyane representerte ein moderat nasjonalisme.

Eit lite mindretal av japanske kristne tok liksom Mukyokai ei kritisk



holdning til den shinto-orienterte japanske nasjonalismen. Det galdt kristne leiarar innan den fundamentalistiske Holiness-tradisjonen, og einstilte prestar innan dei protestantiske kyrkjene, eit døme er den reformerte presten Onomura Rinzo.<sup>10</sup> Men opposisjonelle hadde små muligheter til å publisere dette under den nasjonalistiske perioden 1930 - 1945.

## Samanfatning

Det er såleis iaugefallande skilnader mellom japansk og vestleg tolking (1872-1945) av tidleg japansk protestantisme. Det er ein «dalande» kontra ein «veksande» prosess: Vestleg tolking kulminerer omkring 1909, medan japansk tolking veks fram mot eit høgdepunkt i samspel med den rådande nasjonalismen omkring 1940. Medan den vestlege historie-tolkinga er opptatt av kontinuitet og ekspansjon, tolkar japanske kristne protestantismen som ny og relevant for det japanske samfunnet. Relevant blir etterkvart forstått i forhold til nasjonale og nasjonalistiske premisser. Omkring dei protestantiske tre pionergruppene i Japan, dei såkalte bands, veks det fram kyrkjelege tradisjonar som også formar skolar for protestantisk, kyrkjehistorisk tolking. Omkring Yokohama band veks det fram ei kyrkjeleg pastoral tolking av japansk protestantisk historie, medan det med utgangspunkt i Kumamoto band formar seg ei kyrkjehistorisk forståing i nær tilknytning til Japans nasjonale og sosiale utvikling. Sapporo band som i Uchimura Kanzos spor blir ståande i eit kritisk forhold til t.d. det japanske keisarsystemet, vel ei personorientert holdning til tidleg protestantisme, og interesserer seg ikkje for Meiji-protestantismens historie.

Eg har presentert ein oversikt over tolkingar fram til 1945 av Meiji-protestantismen. Den japanske kyrkjehistorieskrivinga etter 1945 har sterke kritiske synspunkt mot protestantismens manglande profetiske engasjement mot Japans fascisme og imperialisme på 1930-talet. Men også i denne, moderne, kritiske trenden ligg det eit nasjonalt motiv. Om kristendommen er blitt stadeigen japansk er eitt av dei mest dominerande problem i japansk kyrkjehistorieskriving etter 1945. Den nasjonale problematikken er i nye former framleis inspirerende for kristen historisk tenking i Japan.<sup>11</sup>

Den vestlege tolkinga av japansk kyrkjesoge held også i ein viss grad fram der den slapp før Stillehavskrigen. Vestens kyrkjesogeskriving med emne frå Japan er nemleg i hovudsak sekundær i forhold til japanske framstillingar og japansk forskning. Heller enn å levere sjølvstendige tolkingar har Vesten vore interessert i korleis japanarane tolkar si eiga kristne historie. Vestens manglande interesse for japansk kyrkje-

historie før krigen er såleis gått over i ei «sekundær» interesse. Men denne situasjonen, både på japansk og vestleg hald viser samtidig kor avgjerande tida 1872-1945 er også for etterkrigstida si forståing av Meiji-protestantismen.

## NOTER

1. Anglikanarar og baptistar er døme på to protestantiske grupper som kom tidleg til Japan. Eg har ikkje gått særleg inn på historia til desse gruppene i skissen som følgjer. Grunnen er at dei fekk etter måten lite innverknad i tidleg japansk protestantisme og sosialt liv, t.d. innan undervisning. Når eg skriv om Meiji-protestantismen har eg derfor ein representativ heller enn ein fullstendig protestantisme i tankane. Sjå Aasulv Lande: *Meiji Protestantism in History and Historiography. A comparative Study of Japanese and Western Interpretation of Early Protestantism in Japan*, Verlag Peter Lang, Frankfurt am Main 1989, pp 13-18.
2. Eg siktar til den såkalla kristologiske striden mellom leiaren for Yokohama band, Uemura Masahisa, og den talføre målsmannen for Kumamoto band, Ebina Danjo. Lande, Op.cit. pp 57-61.
3. Sjå Gustav Wameck: «Der Allgemeine evangelisch-protestantische Missionsverein» i *Allgemeine Missions-Zeitschrift* 1896, pp 82-85.
4. Yokoi går gjennom trekk i japansk protestantisk historie for å forstå den krisa protestantismen etter hans meining nå er hamna i. Sjå Yokoi, *Wagakuni no Kirisutokyo Mondai* (Det kristne problem i landet vårt), Tokyo 1894, pp 95-131.
5. «My hope and prayer is that this volume will help to increase the interest of the Christian world in the evangelization of Japan, and not of Japan only, but of other lands, for in them too the fields are already white unto harvest», Otis Cary, *A History of Christianity in Japan. Roman Catholic, Greek Orthodox, and Protestant Mission*, 1909. Tuttle Company, Tokyo 1976, pp 7f.
6. Merle J. Davis: *Davis Soldier Missionary*. Boston and Chicago 1916.
7. Sjå Hiyane Antei: «National Spirit and Christian Faith» i *Japan Christian Quarterly*, Jan 1940, s 49.
8. Hiyane Antei: *Kirisutokyo no Nihonteki Tenkai* (Kristendommens japanske utvikling), Tokyo 1938, s 230ff.
9. Uoki Tadakazu: *Nihon Kirisutokyo no Seishinteki Dento* (Den åndelege tradisjonen i japansk kristendom), Tokyo 1941, s 223ff.
10. Sjå Lande, Op.cit. pp 123f.
11. Betydelege historikarar som tolkar protestantismen etter slike perspektiv er Takeda Kiyoko frå International Christian University i Tokyo og Dohi Akio frå Doshisha Universitetet i Kyoto, Japan.

*Aasuly Lande*, f. 1937, cand. theol. MF 1962, dr. theol. i Uppsala 1988. Misjonsprest for BM (1965-78) og NMS (1978-80) i Japan. Forskn. stip. i Uppsala 1981-87, statsstip. i Aarhus 1982. Vikartjeneste ved Austasiatisk Institutt i Oslo 1988/89. Diverse artiklar i skandinaviske og internasjonale publikasjoner.

### **Japanese Church history in perspective: Historiography on Meiji Protestantism**

The article, which is based on the findings of the author's dissertation, presents major trends in the historical interpretation of the founding period of modern Japanese Protestantism. Early Japanese Protestantism is seen as less a church than a movement, represented by various bands of converted samurai. While Western interpretations often present the history of this period through the genre of reporting, emphasizing expansion and continuity, Japanese interpretations tend to use the genre of essay, emphasizing newness and relevancy. Different trends can also be seen in the above-mentioned bands: a church-centered pastoral interpretation, a more national and social emphasis, and an interpretation more concerned with critical attitudes to e.g. the emperor system. Later interpretations are also analyzed in the essay.